



**Det går no rykter om at sjørøvarkaptein Sprød er undervegs mot Uskedalen for å henta ein skatt han grov ned her for mange år sidan. Han kjem på sjølvaste Aktivitetsdagen som er 13. juni dette året. Det er så lenge sidan nedgravinga at han ikkje heilt hugsar kor det skjedde. Difor treng han hjelp av så mange store og små sjørøvarar som mogeleg for å finna att skatten!**

Anita Enæs i Aktivitetshusets Damevenner minnar om at fristen for årets 'Hopp i havet', som var ein formidabel suksess i fjor, er sett til 1. juni. Dette blir utan tvil sommarens happening i Uskedalen. Nokon har allereie meldt seg på, men Enæs håpar at enda fleire vil bli med og laga moro i båthamna.

Resten av programmet tek også til å bli klart. Det blir grilling, kaffi og kaker, musikkinnslag, lotteri, grannbilkøyning med liten og stor, ansiktsmaling, hoppeslott for dei små, andeløp ved idrettslaget med dobbelt så mange gule ender som i fjor - og altså besøk av ein sjørøvarkaptein.

Det er framleis høve til å melda seg på hvis ein vil ha salsbod eller stand i båthamna denne dagen, om ein har noko å underhalda med eller om ein heilt enkelt vil hjelpa til med å skapa eit kjekt arrangement også dette året.

Av Ola Matti Mathisen